



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Dato: 21.06.2019
Vår ref.: 2019/12726-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnereflektør fråsegn - Nydyrkning - gnr. 107, bnr. 2 - Lindås kommune

Me viser til brev datert 13.06.19 med vedlegg. Søknaden gjeld plan om nydyrkning (ca. 30dda) på Kolås, i saka er det referert til gnr. 107, bnr. 2, men på kartet er nydyrkninga vist på gnr. 107, bnr. 4.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med nydyrkninga. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at me har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.